

Sakshandsamar:

Atle Skrede

E-post: atle.skrede@sfj.no

Tlf.: 41530716

Vår ref.

Sak nr.: 18/5606-2

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

21541/18

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 13.04.2018

Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 16. april 2018

Frå: Fylkesrådmannen

Arrangementstøtte NM i friidrett Byrkjelo - søknad

Fylkesrådmannen viser til vedlagt søknad om arrangementsstøtte til NM i friidrett 2018 på Byrkjelo. Søknaden er stila til Fylkesutvalet.

Likelydande søknad vart handsama hausten 2017 av fylkesdirektøren for næring og kultur. Fylkesdirektøren løyvde då, i medhald av delegert mynde, 100 000 kr. Fylkesdirektøren la i si vurdering vekt på at eit fylkeskommunalt tilskot til arrangementet primært bør nyttast til å sikre og utvikle lokal arrangørkompetanse (jf vedlagt svar).

Fylkesrådmannen viser til at deler av den nye søknaden er knytt til oppgradering av anlegget på Byrkjelo Stadion. Dette ligg inne i ein av Gloppen kommune sine søknader om spelemidlar d.å. og denne vert vurdert i hovudutval for næring og kultur 30.mai 2018.

Fylkesrådmannen vurderer det slik at søknaden om arrangementsstøtte er ferdighandsama i fylkeskommunen og at det ikkje vert gitt ytterlegare fylkeskommunal støtte.

Dette til fylkesutvalet si orientering.